

27 DES 2017

Hordaland Fylkeskommune  
Regionalavdelinga  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Bergen, 12.12.2017

### **Regional kystzoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger – Krav om handsaming av planen i Kommunal- og moderniseringsdepartementet**


Hordaland Fylkeskommune vedtok den 3. oktober 2017 ein kystzoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Sjømat Norge som er medlemsorganisasjonen for dei fleste havbruksbedriftene i dette området, har gjennom to høyringar og fleire møter tilkjennegitt synspunkt på og gjeve innspel til innhaldet i planen. I dette arbeidet har vi også hatt tett kontakt med kommunar i planområdet. Sluttresultatet av planarbeidet samsvarar etter vårt syn ikkje med intensjonen for planen, og er på fleire områder ikkje tenleg for våre medlemsbedrifter. I staden for at planen kunne ha tilrettelagt for ei god utvikling av havbruksnæringane i planområdet er det blitt ein plan som ikkje samsvarar med nasjonale mål for havbruksnæringa.

Fleire kommunar i planområdet har vesentlege innvendingar mot mål og retningslinjer i planen og krev at departementet gjer endringar i innhaldet i planen eller at planvedtaket vert oppheva og sendt tilbake til Hordaland Fylkeskommune for ny handsaming. Sjømat Norge støttar dette kravet på bakgrunn av at verneomsynet er sterkare enn næringsutviklingsperspektivet i planen. Vi kan ikkje akseptere at det vert innført ein ny form for vernesone som ikkje er definert i norske lover eller forskrifter, og som dermed kan gje rom for ulike tolkingar.

Etter plan- og bygningslova sitt system er det kommunane sjølv som har ansvar for å arealdisponera dei ulike områda i kommunane. Det er kommunen sin arealplan og vedtekne reguleringsplanar som fastset framtidig arealbruk og arealformålskategori for dei ulike områda i kommunen. Dette framgår bla av pgr 11-6 og 12-4 i Plan og bygningsloven om rettsverknad av kommuneplan og reguleringsplan.

Vi er særleg lite nøgd med at det som skulle vera ein rammeplan utan plankart er blitt ein detaljplan som saman med retningslinjene for planen legg sterke føringar og avgrensingar for arealbruken. Planen var opprinneleg meint å skulle vera retningsgivande for kommunane sitt arealplanarbeid etter Plan og bygningsloven. No framgår det av retningslinjene for planen at regionale myndigheter skal kunna ha motsegnrett dersom kommunane i sitt planarbeid fråvik tilrådingar i den regionale planen. Dette heng ikkje saman og er neppe i samsvar med bokstav og intensjon i lova. Vi viser ellers til brev frå Austevoll kommune om denne saka datert 07.12.2017 for nærare utgreiing om dette og vi sluttar oss til innhaldet i dette brevet.

Med venleg helsing



Hans Inge Algøy

Regionsjef i Sjømat Norge Havbruk Vest